

Jubileumsfest på jobben til Vemund:

– Den beste plassen

Frå starten av har dei vore opptatt av å gjere skikkeleg arbeid som samfunnet treng. Fredag kunne dei feire at Einekavane har halde på i 20 år.

SONDRE LINGÅS HAUKEDAL
sondre@nordhordland.no

- Dette er den beste plassen. Eg har jobba her heilt sidan eg blei ferdig på vidaregåande, seier Vemund.

NH pratar med han utanfor Einekavane sitt hovudkvarter på Matre. Onsdagar jobbar han på vaskeriet til vekstbedrifta. Måndag og fredag står han på kjøkkenet. Fredagane brukar han å diske opp med lunsj. Alt frå smørbrød til pizza, lapskaus og pastasalat.

Dette er ingen vanleg fredag. Einekavane fyller 20 år og har invitert formannskapet i Masfjorden og ei rekke viktige personar frå bedrifta si historie til fest på Matre.

Det er laga til langbord. Dekka med kvite dukar og gullkan-ta servise.

- Det er kjekt med fest, og stas at Einekavane blir feira, seier Vemund.

Vaskeri

Det er Masfjorden kommune som eig Einekavane.

Vekstbedrifta har totalt 12 personar på lønnslista, derav åtte varig tilrettelagde arbeidsplassar. Dagleg leiar Erik Wick Andersen fortel at dei er godt fornøgde med det dei har fått til gjennom 20 år.

- I starten var det nokre som meinte at Einekavane ikkje hadde livets rett. Dei meinte vi var for få, at 8 vta-plassar var for lite. Det har vi motbevist, seier han.

- Her blir det gjort mykje godt arbeid gjennom året, konstaterer styreleiar Liv Oda Dale.

Opp gjennom åra har Eineka-



GLAD I ARBEIDSPLASSEN: Vemund har jobba i Einekavane sidan han var ferdig på vidaregåande og fortel at han likar seg godt på jobb.

FOTO: SONDRE LINGÅS HAUKEDAL

vane tilbydd ei rekke ulike tenester. I dag tilbyr dei vaskeritene-ster, plenslått, brøyting, vedproduksjon, reinhald og anna. Av desse er det vaskeritene-sterne som er hovudgeskjeften.

- Vi servar alt frå Alver til Sognefjorden. Vi har ei stor trufast kundegruppe og det er stadig fleire som tar kontakt for å kjøpe tenestene våre, seier Wick Andersen.

Han fortel at dei mange oppdraga er med på å sørge for at Einekavane har god økonomi. Noko som tryggar drifta vidare.

- Litt stolt

- Då kan vi halde fram med å gi våre tilsette meiningsfullt arbeid og meistring. Som vi brukar å seie her på huset: Vi kan,

vi vil og vi får det till!

Ei av dei som tok turen til fredag, var Reidun Kvamsdal. Ho var den som gjekk i spissen frå å grunnlegge vekstbedrifta for 20 år sidan.

Ho fortel at bakgrunnen var nedlegging av statlege tilbod, noko som førte til at kommunane blei pålagt å forme eigne psykiatriplanar.

- I det arbeidet var det tydeleg at det var behov for å tilby arbeid, som dagaktivitet og sosial kontakt. Så undersøkte og diskuterte vi litt kva arbeid som skulle gjerast. Det var viktig å tilby eit skikkeleg arbeid som samfunnet treng. Det gir verdigheit, fortel ho.

Elles fortel ho at veggen blei litt til medan ein gjekk. Om lag på same tid som ein diskuterte

dette, la posten ned sin stasjon på Matre. Legane var og borte frå det bygget, det einaste som stod att var ein helsestasjon.

Onekavane flytta inn i dei tomme lokala. Eit av dei første oppdraga dei fekk var reinhald av dei offentlege toaletta på Matre. Så starta dei med plenklipping. Etter kvart blei catering viktig og dei leverte mat til heimetenesta og andre.

- Det losna då Øyvind kom inn, seier Kvamsdal.

Like etter kjem Øyvind Kristoffersen inn i lokalet. Då Einekavane starta opp jobba han på teknisk etat i Masfjorden. Han fekk spørsmål om å vere med å bygge opp bedrifta.

- Eg hadde med meg to som trengde litt arbeid. Vi slo plenar, rydda og jobba med ved. Så

utvikla det seg og blei etter kvart bra. I samband med at Havforskningsinstituttet bygde ut, fekk vi tak i eit gammalt sementlager som eg tok på meg å bygge opp vaskeri i, fortel han.

Det vaskeriet har no blitt hjørnesteinen i bedrifta.

- Det er ei god kjensle å vere her i dag og sjå at Einekavane består og har utvikla seg vidare, seier Kvamsdal.

- Eg er litt stolt over det vi har fått til med små ressursar, seier Kristoffersen.

Han er klar på at varig tilrettelagde arbeidsplassar er viktig å tilby i ein kommune.

- Det er viktig å kome seg ut, få noko å gjere på og vere del av eit fellesskap, seier han.



FEST: Fredag var det fest for Einekavane på Matre.

FOTO: SONDRE LINGÅS HAUKEDAL



VIKTIGE: Grunnleggar Reidun Kvamsdal og Øyvind Kristoffersen var viktige i arbeidet med å bygge opp Einekavane.

FOTO: SONDRE LINGÅS HAUKEDAL



NØGDE: Dagleg leiar Erik Wick Andersen og styreleiar Liv Oda Dale er nøgde med kva Einekavane har fått til i løpet av 20 år.

FOTO: SONDRE LINGÅS HAUKEDAL